

Lihiba A/S
Alvervegen 37
5911 Alversund

Lindås Kommune, plan-og miljøutvalet. Saksnummer 063/19 Plan ID 1263-2201701

5914 Isdalstø

Innspeil Kommunedelplan Knarvik-Alversund med Alverstraumen

Lihiba A/S er glad for å sjå at kommunen vel å leggja området mellom Galteråsen og Alver Næringsområde, til eit felles næringsområde med ein god arrondering og tilpassing i henhold til omkringliggjande arealbruk.

Sjølv om me er utbyggjarar er me også opptatt av at næringsområdet må tilpassast i terrenget og at omsynet for friluftliv må ivaratakast.

Punkt 1.

Me meiner det vil vera fornuftig å begrense næringsområdet mot aust til omsynsone friluftsliv, som er skravert på kartet.

Området som er skravert som «omsynsone friluftsliv» er svært mykje nytta til friluftsliv og bør bevaras som nettopp det. Dette arealet ligg også svært mykje høgare i terrenget enn resten av næringsarealet, og vil således føre til store synlege terrenginngrep, istadefor eit næringsområdet som meir tilpasser seg topografien.

Punkt 2.

I nord austre del av næringsarealet, smalner arealet ned i ein trekant. Ved å justere grensen til næringsarealet ut til skravøren for «Omsynsone friluftsliv», vil ein få ein meir kvadratisk tomteinndeling, som vil gjera næringsarealet mykje større utnyttingsgrad enn ein «trekanta» tomt vil.

Med desse justeringane meiner me at næringsområdet får ein god arrondering og tilpassing til terrenget, samstundes som eit viktig friluftsområde vert bevart der topografien tilseier at nytteverdien som friluftsområde er høgare enn som næringsområde.


1. Kartvedlegg som syner justeringane

For Lihiba A/S



26/8-19

Lars Øyvind Hillestad



FORSLAG: UCISTEAT GRÆNSE FOR NÆRINGSOMRÅDE

